

EMNE-EVALUERING TPBAALM – HAUST 2022

Gjennomføring av undervisninga:

Undervisningsblokka Allmennodontologi for tannpleiarstudenter (TPBAALM) vert gjennomført siste studieåret, og integrerer undervisninga i ulike kliniske disiplinar med tanke på å trene kandidatane til ein heilskapleg pasienttilnærming og samarbeid innan tannhelseteamet. Dei mest sentrale faga i undervisningsblokka er kariologi, endodonti, periodonti, protetik og gerodontologi.

Undervisninga har bestått av klinisk undervisning og behandling saman med tannlegestudent, forelesningar, seminar og kasuspresentasjonar.

I klinikken har studentane vore tildelt samarbeidspartnarar blant tannlegestudentane, og desse har samarbeidd om pasientkasus. Klinikktida for allmenn har vore plassert på fredagar, med to økter om hausten og ei økt om våren. Forelesningane (saman med tannlegestudentane) har vore enten digitale eller fysiske, alt etter korleis smittesituasjonen har vore (Covid-19). Kvar fredag har det vore morgonseminar, før klinikkøkta.

Kommentarar til studentane sin evaluering:

16 av 26 studenter har svart på evalueringa.

- 76% av studentane meiner læringsutbyttet er godt eller svært godt, og flesteparten meiner arbeidsmengda er passeleg. Det er vi nøgd med.
- Det verkar som om dei aller fleste respondentane har vore eller delteke på forelesningar, og at nesten halvparten hadde god nytte av dei. Resten oppgir at dei hadde mindre nytte av forelesningane. Dette kan være eit resultat av at nokre av forelesningane kan oppfattast som å være mest retta til tannlegestudentar.
- Fleirtalet er nøgd med forelesarar, instruktørar og fysiske arbeidsforhold.
- Av forbettringsforslag er det nevnt at tannpleiarstudentane bør få meir ansvar og kanskje eigne pasientar, og litt meir av andre oppgåver enn berre periobehandling. Det er også nokre som meiner at fredagen er travel med morgon- og ettermiddagsøkt, samt forelesning i midtøkta.

Samla vurdering:

Alt i alt verkar studentane stort sett nøgd med dette emnet, men det er alltid ein del ting som kan forbetrast.

Vi meiner at det er behov for eit litt meir definert samarbeid mellom tannpleiar- og tannlegestudentar. Vi ser at hos nokre team er samarbeidet bra, medan hos andre er det ikkje like bra. Ein bør tidleg definere og avtale kven som skal ha ansvar for kva i behandlinga av den enkelte pasient. Dette kan vi som har ansvaret for undervisninga være meir klare på

tidleg i kurset. Slikt teamarbeid er noko som er svært viktig i tannpleiarane sin framtidige rolle i arbeidslivet.

Oppgåvene på klinikken kan med fordel bli meir varierte, med t.d. meir praksis innanfor protesereparasjonar, midlertidige restaureringar og avtrykk. Ei begrensing her har den siste tida vore personellmangel på Seksjon for protetik, slik at det ikkje alltid har vore kapasitet til å ha tannpleiarstudentar på den klinikken.

Det er også eit ønske/behov for at tannpleiarstudentane kan få mogelegheit til auka klinikketid innanfor emnet Almennodontologi. I og med at kvar tannpleiarstudent ofte har samarbeid med 2 tannlegestudentar, og fleire tilgjengelege økter vil difor auke kapasiteten for tannpleiarstudentane.

Bergen, 19.01.23

Torgils Lægreid

Blokkleiar allmennodontologi